



Statens vegvesen

Risiko- og sårbarhetsanalyser av vegoverbygning mht værrelaterte hendelser

VD rapport

Vegdirektoratet

Nr. 25



Vegdirektoratet
Trafikksikkerhet, miljø og teknologi
Geoteknikk og skred
Mai 2011

VD rapport

VD report

Tittel

Risiko- og sårbarhetsanalyser av vegoverbygning mht værrelaterte hendelser

Undertittel**Forfatter**

Ivar Horvli

Avdeling

Trafikksikkerhet, miljø og teknologi

Seksjon

Geoteknikk og skred

Prosjektnummer

601995

Rapportnummer

Nr. 25

Prosjektleder

Gordana Petkovic

Emneord

Klima og transport, risiko- og sårbarhetsanalyser /risiko- og sårbarheitsanalysar, vegoverbygning

Sammendrag

Rapporten inngår i ein serie rapportar frå FoU-prosjektet 'Klima og transport', etatsprosjekt 2007 – 2010. Hensikten med prosjektet er å gje betre rutinar og regelverk for prosjektering, bygging og drifting av veg tilpassa endra klima.

Rapporten gjev ein systematikk og prosedyre for ROS-analyse for vegoverbygning med omsyn til klimapåvirkning. Effekt av klima for vegoverbygning vil normalt gje seg utslag i form av økonomiske konsekvensar (redusert levetid) og konsekvensar for fremkomst (til dømes ved redusert bereevne i vårløysinga eller auka nedbryting på grunn av for dårlig kapasitet på grøftesystemet). Berre i helt ekstreme tilfelle kan dette gje utslag i redusert trafikktryggleik, til dømes ved unormalt rask utvikling av større skadar på vegen i form av hol eller andre markerte ujamnheite, eventuelt partivis samanbrot av vegen. I einskilde tilfelle kan konsekvensane og vere av miljømessig art (utvasking og forureining av vassdrag ved unormalt rask nedbryting av parti av vegen).

Antall sider 27

Dato Mai 2011

Title

Risk- and susceptibility analyses of road pavements with respect to weather events

Subtitle**Author**

Ivar Horvli

Department

Traffic Safety, Environment and Technology Department

Section

Geotechnical Section

Project number

601995

Report number

No. 25

Project manager

Gordana Petkovic

Key words

Climate and Transport, risk- and susceptibility, analyses, road pavements

Summary

This report belongs to a series of reports from the R&D programme "Climate and Transport", carried out by the Norwegian Public Roads Administration 2007-2010. The main objectives of the programme are to investigate the effect of climate change on the road network and recommend remedial actions concerning planning, de-sign, construction and maintenance.

This report offers recommendations for the procedure, necessary data and documentation for performing risk- and susceptibility analyses of road stretches (pavements) with respect to weather related events. The impact of climate on pavements will normally show as investments (due to reduced service life) and consequences for mobility (eg. reduced capacity during spring thaw or due to poor capacity of the drainage system). Only in extreme cases will this result in reduced traffic safety - due to damage, holes, irregularities, or collapse of a road section. In some cases, the consequences can be environmental (water contamination).

Pages 27

Date May 2011

Forord

Rapporten inngår i ein serie rapportar frå FoU-prosjektet 'Klima og transport', etatsprosjekt 2007 – 2010. Hensikten med prosjektet er å betre rutinar og regelverk for prosjektering, bygging og driftning av veg tilpassa endra klima.

Klimaforskinga konkluderer med at vi med stort sannsyn vil få endring til eit varmare klima, som truleg vil føre til auke i nedbørmengde og intensitet, parallelt med auka stormfrekvens og stormstyrke. Effektiviteten og tryggleiken av vegnettet er påverka av nedbør, vind og temperaturtilhøve. Dette er element som har påverking på steinsprang, fjellskred og snøskred, overflatevatn, flom og erosjon, frysing og tining og snø og is på vegbanen.

'Klima og transport' har lagt følgjande utgreningar for endring av klima og effekt på transportsektoren til grunn:

- NTP-rapport "Virkninger av klimaendringer for transportsektoren", laget av en tverretatlig gruppe i transportsektoren: Jan Otto Larsen (leder) og Pål Rosland (sekretær), Statens vegvesen Vegdirektoratet, Kjell Arne Skoglund, Jernbaneverket, Eivind Johnsen, Kystverket og Olav Mosvold Larsen, Avinor.
- Vedleggsrapport "Regionale klimascenarioer for transportsektoren i Norge – en oppdatering", av Jan Erik Haugen og Jens Debernard, Det Norske Meteorologiske institutt, februar 2007. (Rapporten er basert på scenarioer fra RegClim prosjektet.)
- "Klima i Norge 2100", utarbeidet for NOU Klimatilpassing av meteorologisk institutt, Bjerknessenteret, Nansensenteret, Havforskningsinstituttet og NVE, juni 2009.

'Klima og transport' består av følgjande delprosjekt:

- Dp 1 Premissar og implementering
- Dp 2 Innsamling, lagring og bruk av data
- Dp 3 Flom- og erosjonssikring
- Dp 4 Snø-, stein-, jord- og flomskred
- Dp 5 Tilstandsutvikling på vegnettet
- Dp 6 Konsekvensar for vinterdrift
- Dp 7 Sårbarheit og beredskap

Prosjektleiar for 'Klima og transport' er Gordana Petkovic og prosjektsekretær Reidun Svendsen. Meir informasjon om prosjektet kan finnast på: <http://www.vegvesen.no/klimaogtransport>

Denne rapporten er 'Klima og transport' si tilråding for metodikken og datagrunnlaget for risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS-analyser) av vegoverbygning med omsyn til verrelaterte hendingar. Rapporten byggjer på arbeidet og resultata frå fleire delprosjekt i 'Klima og transport', mest delprosjekt 5 Tilstandsutvikling på vegnettet (ansvarlig Per Otto Aursand) og delprosjekt 7 Sårbarheit og beredskap (ansvarleg Arne Gussiås). Sjå vedlegg 8 og 9 for meir informasjon om disse delprosjekta.

Rapporten er skreve av Ivar Horyli, da ViaNova Plan og Trafikk AS (no SVV) med bidrag frå prosjektgruppa. Tilsvarande tilråding er laget for stikkrenner (prosjekt rapport VD 24) og for bruver (prosjektrapport VD 23).

For oversikt over andre rapportar frå 'Klima og transport', sjå vedlegg 10.

Innhold

<i>1 Innleiing</i>	2
<i>2 Risikoanalyse for klimarelaterte hendingar.....</i>	3
<i>3 Ver- og klimarelaterte HENDINGER som har betydning for vegoverbygning</i>	4
3.1 KLIMAPARAMETRE	4
3.2 FARE FOR FLAUM	5
3.3 FARE FOR AUKA GV-STAND	6
3.4 SANNSYN FOR ENDRA TEMPERATURTILHØVE	6
3.5 SAMANHENG MELLOM DRENERING OG NEDBRYTING AV VEG	7
<i>4 Risikoanalyse av vegoverbygning</i>	8
4.1 METODE.....	8
4.2 IDENTIFISERING AV FARAR OG UØNSKA HENDINGAR.....	10
4.3 IDENTIFIKASJON AV SÅRBARE STREKNINGAR	11
4.3.1 Innhenting av grunnlagsdokumentasjon	11
4.3.2 Synfaring.....	11
4.3.3 Supplerande utgreiingar.....	11
4.3.4 Kartlegging av risikofaktorar (på aktuelle vegstrekningar)	11
4.4 ANALYSE AV ÅRSAK OG SANNSYN	12
4.5 ANALYSE AV KONSEKvens	12
4.6 UTGREIING AV RISIKO	14
<i>5 Risikovurdering.....</i>	14
5.1 SAMANLIKNING MED AKSEPTKRITERIER	14
5.2 AKTUELLE TILTAK	14
5.3 KONKLUSJONAR OG DOKUMENTASJON	17
<i>6 Litteratur.....</i>	18

VEDLEGG

Vedlegg 1: Prosedyre for ROS-analyse for tilstand av vegoverbygning

Vedlegg 2: Utdrag frå veileiar for ROS-analyser mht klima og klimaendringar

Vedlegg 3: Utdrag frå Statens vegvesen hb 271 Risikovurderinger i vegtrafikken

Vedlegg 4: Utdrag frå NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger

Vedlegg 5: Døme på registering av flaumfare langs veg

Vedlegg 6: Døme på aktuelle følsomhetsparametre og indikatorar for konsekvens av klimapåvirkning på vegens konstruksjon

Vedlegg 7: Akseptkriterier / krav til vegens konstruksjon med relevans til klimafaktorar

1 INNLEIING

Ved planlegging, bygging og vedlikehald av vegen er klima ein viktig premiss for dimensjonering, utforming og materialval. I vårt langstrakte land frå nord til sør og med både kyst, innland og høgfjell, vil det vere store klimatiske skilnader. Dette gjev behov for ulike løysingar både med omsyn til utforming, materialval, drenering og terrengrtilpasning når nye vegen skal byggast og gamle vegen skal oppgraderast. Ved endra klima vil vi måtte ta andre omsyn i framtida enn i dag på dei ulike stader, men grunnlaget for dimensjonering og erfaringane med aktuelle tiltak for å tilpasse vegkonstruksjonen best mogleg til ulike klimaregime har vi alt i dag.

Ved hjelp av risikoanalysar kan vi på ein systematisk måte kunne møte utfordringane med endra klima og ta omsyn til endringane ved *forebyggande tiltak for å redusere skadeverknadene av endra klima*. I tillegg vil vi gjennom slike analyser kunne etablere betre beredskaps- og tiltaksplanar for å takle uønska hendingar best mogleg. Døme på spesielle verhendingar kan vere

- større nedbørsintensitet
- meir nedbør
- auka temperatur
- fleire fryse/tinevekslingar osb.

Konsekvensen av endra klimavilkår vil truleg i dei fleste tilfelle ikkje gje dramatiske utslag for vegens konstruksjon, men kan i ein skilde tilfelle føre til

- utglidingar
- bereevnesvikt og redusert dekkelevetid
- vegstengingar.

Dette vil ha økonomiske konsekvensar i tillegg til konsekvensar for tryggleik og framkomst. *Gjennom risikoanalysar kan serleg utsette vegstrekningar identifiserast og tiltaksplanar etablerast for å minimere skadeverknadene ved endra klimavilkår.*

Risikoanalysane i Statens vegvesen skal gjennomføres vha risikoanalyseverktøyet VegCim.

2 RISIKOANALYSE FOR KLIMARELATERTE HENDINGAR

Det er i Statens vegvesens handbok 271 Risikovurderinger i vegtrafikken /1/ og handbok for krisehandtering /2/ definert matriser for konsekvens og sannsynlegheit for ulike hendingar. I ”Veileder for ROS-analyser mht klima og klimaendringer” /3/ er sannsynsmatrisa endra og tilpassa klimarelaterte hendingar fordi desse har eit anna nivå på sannsyn / frekvens enn til dømes trafikkrelaterte hendingar, jfr vedlegg 2 og 3.

For vurdering av vegens konstruksjon vil imidlertid risikomatrisa for trafikkrelaterte hendinga vere meir aktuell å nytte ettersom vegoverbygning blir dimensjonert for 20 år. Vi legg derfor denne til grunn i risikoanalyse-metodikken her.

Konsekvensmatrisa som blir nytta handbok for krisehandtering /2/ er også godt egna til bruk for klimarelaterte hendingar og tilstandsutvikling knytt til vegoverbygning (jfr vedlegg 2-2). Vi kan derfor legge denne til grunn for utarbeiding av risikomatriser også i denne samanhengen. Når det gjeld økonomiske konsekvensar bør noverdien berekna ved ein LCC-analyse over vegens dimensjoneringsperiode (20 år) leggast til grunn.

Tabell 1: Sannsyn-kategoriar for klimarelaterte hendingar for vegens konstruksjon

Numerisk kategori	Verbal sannsyn-kategori	Forklaring
1	Lite sannsynleg	Sjeldnare enn ein gong pr 10. år
2	Mindre sannsynleg	Mellan ein gong pr 10. år og ein gong pr 5. år
3	Sannsynleg	Mellan ein gong pr 5. år og ein gong pr år
4	Mykje sannsynleg	Ein gong pr år eller oftare
5	Svert sannsynleg	10 gongar pr år eller oftare

3 VER- OG KLIMARELATERTE HENDINGER SOM HAR BETYDNING FOR VEGOVERBYGNING

3.1 Klimaparametre

For vegoverbygning er **nedbør** og **temperatur** dei klimafaktorane som verkar mest inn på vegens tilstand. Desse faktorane kan verke åleine eller i samspel med trafikk og gje påkjenningar på vegens konstruksjon som verkar inn på nedbrytinga av vegens konstruksjon / vegoverbygninga og dermed på levetida av vegen.

Nedbør vil ha ofte stor verknad på materialeigenskapane i vegoverbygning og undergrunn. Ubundne materiale (grus / sand) med mykje finstoff og finkornige materiale som leire og silt har ein materialkarakteristikk med eit optimalt vassinnhald for maksimal pakking og stabilitet under kompaktering. Vassinnhald over dette gjev dårlegare stabilitet og svekka bereevne som igjen gjev raskare nedbryting av vegkonstruksjonen. Ei heving av grunnvasstanden eller kraftig infiltrasjon av vatn (til dømes gjennom sprekkar i vegdekket eller frå oversvømming av eit grøftesystem med dårleg kapasitet) vil ha ein negativ effekt på vegens levetid. I tillegg kan vegen bli direkte utsett for erosjon ved flaum.

Grovkorna ubunde materiale og einsgraderte materiale vil vere relativt lite påverka av vassinnhaldet (og nedbør). Asfalerte materiale er mindre utsette for vatnets påverknad bortsett frå ved erosjon av underliggende lag som også her kan ha dramatisk effekt i ekstreme tilfelle. Val av opne og grove materiale i vegkroppen vil derfor til gje ein meir robust vegkonstruksjon med omsyn på nedbør.

Asfalt kan vere utsett for dårleg vedheft mellom steintilslag og bitumen. Dette er serleg tilfelle ved bruk av bergartar med visse typar mineral som til dømes kvarts. I visse tilfelle kan vatnet fortrenge bitumen, såkalla "stripping" av bindemiddel. Opne vegdekke vil vere meir eksponert for vatn enn tette dekke, noko som betyr at tette vegdekke vil vere sikrare mot denne nedbrytingsmekanismen som er relatert til vatn. Det finst og andre rådgjerder som bruk av tilsettingsmiddel som amin og ikkje minst bruk av polymermodifiserte bindemiddel.

Vegar med grusdekke vil kunne få store skader i overflata i form av erosjon ved kraftig / intens nedbør. Vegar med stor stigning / lange stigningar / stort fall / manglande drenering / dårlege sidegrøfter / dårleg takfall eller svakt sidefall i overflata vil vere serleg utsette. Stabilisering med til dømes ligninprodukt vil gjere vegdekket atskillig meir robust. Eit vidare skritt i retning av erosjonssikring er naturlegvis å leggje på eit tynt dekke, til dømes i form av "Ottadekke". Vegen har da i realiteten gått over frå å vere ein grusveg til å bli ein veg med fast dekke.

Temperaturen har påverknad på E-modul (stivheit) i dei ulike lag i konstruksjonen og dermed på spenningsfordelinga nedover i konstruksjonen ved trafikkpåkjenning. Høg temperatur svekkar bereevna gjennom redusert E-modul i dei asfalerte lag. Dette kan føre til permanente deformasjonar i vegdekket, men også til redusert lastfordelande evne som da fører til større påkjenningar på underliggende lag som dermed kan bli overbelasta. I tillegg vil det kunne oppstå temperaturrelaterte spenningar i vegmateriale som kan føre til direkte brot på grunn av store strekkspenningar eller til utmatningsbrot over tid.

Ved frost kan det også oppstå store spenningar i vegen på grunn av ujamn telehiv. Dette fører i mange tilfelle til markerte langsgåande sprekkar midt i vegen eller ut mot sidene som vi ser på store delar av vegnettet i dag. Ved optining der ein har telefarleg materiale til stades, vil bereevna i vegkonstruksjonen kunne bli kraftig svekka med store deformasjonar og brot som konsekvens.

Dei omtala klimafaktorane kan brytast ned i meir *spesifikke verhendingar* med tilhøyrande *karakteristiske klimaparametre* som vist i tabell 1. I tillegg vil topografi og avrenning / hydrauliske tilhøve ha vesentleg innverknad på tilgangen på vatn i vegkonstruksjonen, og dermed på vegkroppens tilstand, berevne og nedbryting. Av klimaparametrane som er skissert i figur 1 er det berre frostmengde som blir brukt ved dimensjonering av vegkonstruksjonar i Norge i dag. Det kan vere behov for å utvikle fleire karakteristiske klimaparametre / klimaindikatorar for å kunne vurdere klimaets spesifikke verknad på vegens tilstandsutvikling betre ved endra klima.

Tabell 2: Klimafaktorar, verhendingar og klimaparametre med relevans til vegoverbygning

KLIMA-FAKTOR	VATN		TEMPERATUR		
Vêrhending	Store nedbørsmengder		Låg temperatur	Høg temperatur	Vekslinger
Effekt på veg	Flaum	Auka vassinnhald i materialet	Frost	Redusert stabilitet på asfalt	Tining / teleløsing
	Erosjon	Redusert bæreevne	Telehiv	Redusert E-modul på asfalt	Redusert bæreevne
Parameter	Nedbør -nedbørsmengde (>normalt) -nedbørsintensitet (>normalt)	Nedbør -nedbørsmengde (>normalt) -nedbørsintensitet (>normalt)	Frostmengde ($^{\circ}\text{Ch}$) $\Sigma(\text{tid}) \times (T < 0^{\circ}\text{C})$	Høg temperatur og sol $\Sigma(\text{tid}) \times (T > +25^{\circ}\text{C})$ og sol?	Temperaturveksling frå – til + ($^{\circ}\text{C}$) -fryse-/tinevekslinger (antall)

Som omtala over, vil innverkninga av klima vere svært avhengig av ei rad andre faktorar. Hovudgrupper av tilhøve som har verknad er:

- Materialtype i undergrunn og overbygning
- Vegens oppbygging og geometri
- Grøfteutforming og grøftetilstand
- Trafikkmengde/-volum og tungtrafikkandel
- Topografi og avrenningsforhold / hydrauliske forhold

Innan kvar av desse hovudtema kan ein liste opp kritiske faktorar som kan gje grunnlag for ei skjønsmessig vurdering av konsekvensen av endra klima for ei konkret vegstrekning. Eit vidare steg for meir systematisk vurdering av konsekvens av klimapåvirkninga kan vere å definere visse *indikatorar* som gjev uttrykk for kor kjensleg vegen er for klima under kvar av dei nemnde hovudgrupper eller tema. Døme på slike parametre er vist i vedlegg 6.

3.2 Fare for flaum

NVE har i mange år utført systematiske registreringar av flaumvassføring og vasstand i dei største vassdrag. I tillegg finst detaljerte statistikkar med klimadata frå Meteorologisk institutt (met.no). Det er i samband med flaum utarbeidd ei rad

rapportar som er tilgjengelige på NVE sine heimesider i tillegg til flaumkart og flaumdata av ulike slag. Det er utarbeidd statistikkar og kart for flaum med ulike frekvensar: 20 – 50 – 100 og 200 års frekvens.

I tillegg til dei historiske data som her er nemnde, er det i samband med dei siste års klimaforsking utarbeidd klimaprognosar og hydrauliske prognosar for ulike klimascenarier med endra klima. Desse bør ein også ta høgde for ved vurdering av flaumfare ved bygging av nye og oppgradering av eksisterande vegar.

Det er ein sterk samanheng mellom dreneringssystemet sin kapasitet / evne til å ta unna vatn / redusere tilgang på vatn til vegkonstruksjonen og vegens bereevne og nedbryting. Det er gjort nærmare greie for dette i kap 3.1 4.

3.3 Fare for auka GV-stand

På grunn av auka nedbør vil grunnvassnivået stort sett bli litt høgare i gjennomsnitt over året i Norge. Endringa av grunnvassmagasin om våren vil i følge prognosane vere størst på det indre Vestlandet, i Nordland og ytre strøk av Troms og Finnmark. Om vinteren vil grunnvasstanden stort sett endrast over heile landet, men mest på Vestlandet og nordre Nordland. Sommars tid vil grunnvasstanden være nær uendra og nokre stader mindre enn i dag. Om hausten vil Nordland få høgare grunnvasstand

Grunnvassnivået vil normalt variere ein god del over året. Typisk er grunnvasstanden høgst i samband med snøsmelting om våren og etter lange periodar med regnver, ofte på seinhausten. I slutten av tørre periodar vil normalt grunnvassnivået vere lågare. Dreneringstilhøve, undergrunnstype og topografi vil ha mykje å seie for kor lett grunnvassnivået blir påvirkta av ytre faktorar som snøsmelting, nedbør og tørke. I område med gode avrennings- og dreneringstilhøve, vil ikkje grunnvassnivået bli påverka så mykje som der dreningstilhøva er dårlige. Vidare vil område nær store sjøar og grunnvassmagasin også kunne vere mindre påverka av nedbørsfluktusjonar på grunn av stor bufferkapasitet i terrenget ikring. Det må derfor gjerast spesifikke vurderingar for kvart einskild område for å finne i kor stor grad grunnvasspeilet kan variere som følge av endra klima. Dette kan gjerast ved hydrauliske berekningar der ein tar omsyn til framtidig klima etter dei offisielle godkjende klimamodellar. Størst effekt på vegens tilstand og levetid vil ei grunnvassendring få om våren når bereevna er svekka på grunn av teleløysing der det er telefarleg materiale i vegoverbygninga.

Det vil for store delar av vegnettet der grunnvatnet ligg nær opp mot vegoverbygninga vere relativt sterk samanheng mellom grunnvassnivå og vegens nedbryting. Dette gjeld i serleg grad på det lågtrafikkerte vegnettet og vegar som ikkje er bygd opp av åpne og godt drenerande massar som sprengstein og pukk / knust fjell. NVE har utført systematiske registreringar av grunnvasstand i Norge, jfr /16/

3.4 Sannsyn for endra temperaturtilhøve

Klimaprognosar fram mot 2100 syner at det vil bli endringar i talet på fryse/tinevekslingar (temperaturvekslingar -2 °C / +2 °C) i ulike klimaregionar. I indre Østland syner prognosane ein markert auke i talet på fryse/tinevekslingar, medan det på ytre Vestland blir mindre endringar.

Fleire fryse/tine-vekslingar fører til auka nedbryting på grunn av auka potensiale for danning av islinser der ein har telefarleg materiale til stades. Dette resulterer både til auka telehiv om vinteren og meir svekka bereevne om våren med dei negative følgjer dette har for vegens nedbryting og levetid.

Over heile landet vil årsmiddeltemperaturen auke. I gjennomsnitt vil dette være i området 2-4 °C, og mest i indre Finnmark. Ein positiv effekt av dette er mindre telenedtrenging og dermed mindre telehiv. Dette vil føre til mindre nedbryting og lengre levetid av vegar som ligg i område med telefarleg materiale i undergrunnen. Sommars tid vil det derimot kunne bli større deformasjonar i vegdekket hvis maksimal sommartemperatur aukar, noko som gjev kortare levetid.


I sum er det vanskeleg å seie kva dei prognoserte temperaturendringane vil bety og i kva retning dei kan slå ut i dei ulike geografiske område. Men det er fullt mogleg å tilpasse nye vegkonstruksjonar og oppgradere eksisterande vegen til å tåle endringane betre ved klimatilpassa materialbruk.

3.5 Samanheng mellom drenering og nedbryting av veg

All erfaring syner at dreneringssystemet og vatnet sitt regime har stor innverknad på vegens bereevne. Dette betyr at dårlig drenering vil svekke bereevna, noko som fører til auka permanente deformasjonar i vegoverbygning og undergrunn. I Statens vegvesens hb 111 ”Standard for drift og vedlikehald” er det stilt krav til maksimal spordjupne før tiltak må setjast i verk. I dei fleste tilfelle betyr dette legging av nytt dekke, eventuelt berelag + dekkefornying når vegen har nådd opp til dei maksimale tillatte spordjup (akseptkriterium).

I ROADEX II som var eit Nordkalottprosjekt under EU, ble 185 km fylkesvegar i Troms analysert med omsyn til tilstand (Berntsen og Saarenketo) /5/. Ein fann at det var mykje raskare sporutvikling på vegen med dårlig drenering / grøfter enn der dreneringa fungerte godt. Denne observasjonen vart utført ved å studere sporutvikling i indre og ytre køyrefelt på vegen med halvskjering i sideskrått terreng. I slike høve vil grunnvasspeilet ligge vesentleg høgare i indre køyrefelt (inn mot vegskjeringa) enn i ytre felt der det er fylling. Her fann ein at betring i drenstilhøva gav frå 60 – 120 % lengre levetid med omsyn til sporutvikling (levetidsfaktor 1,6 – 2,2). Tilsvarande verdiar vart nedfelt i ein tabell i sluttrapporten. Denne er representativ for alle land som var involvert i prosjektet (nordre deler av Norge, Sverige, Finland og Skottland) eller område med tilsvarende tilhøve klimamessig, topografisk og konstruksjonsmessig.

Ein fann som nemnd at dreneringstilhøva hadde en svert stor effekt på vegens levetid i form av sporutvikling. Figuren under syner to eksempel der ein påviste ei levetidauke på mellom 75 og 100 % berre på grunn av endra fuktinhald i undergrunn og forsterkingslag.



Figur 1: Levetid for veger med fleksible dekke ved ulike drenstilhøve / dreneringsklassar. Berekningar med PMS Objekt for 2 typiske vegkonstruksjonar i Norden (Berntsen og Saarenketo, 2005)

Desse undersøkingane demonstrerer at drensforhold og fuktvilkår i ein vegkonstruksjonen kan ha svert stor effekt på vegens tilstands- og sporutvikling.

4 RISIKOANALYSE AV VEGOVERBYGNING

4.1 Metode

Dei ulike steg i ein risikoanalyse er definert noko ulikt i dei ulike grunnlagsdokument /1/, /2/, /3/, jfr vedlegg 2-4. I det vidare er det gjort greie for ein metodikk for risikoanalyse av vegkonstruksjonar/overbygning med omsyn til klimafaktorar og klimaendringar i 6 hovudsteg:

1. Identifisering av risikofaktorar og uønska hendingar.
2. Identifisering av sårbare strekningar
3. Analyse av årsak (til) og sannsyn (for) (uønska hendingar på kvar strekning)
4. Analyse av konsekvens (av uønska hendingar for kvar strekning)
5. Utgreiing av risiko (for kvar strekning og veglenke/vegrute)
- 6a. Risikovurdering; samanlikning av risiko og akseptkriterier
- 6b. Risikovurdering; aktuelle tiltak og verknad

Dei 5 første steg er sjølve risikoanalysen, steg 6 er konkrete vurderingar for det analyserte prosjektet; risiko samanlikna med akseptkriterier (6a), aktuelle tiltak og verknad av desse (6b). For vegkonstruksjonar skal verknaden av tiltak vurderast opp mot konsekvens for fire område:

- Økonomi
- Framkomst
- Trafikktryggleik
- Miljø

Ei vidare detaljering av desse stega er vist i figur 2A og 2B og samla i vedlegg 1.

I denne framstillinga er det som steg 1 ført opp ein innleiande gjennomgang for bevisstgjering av dei ulike farar / uønska hendingar eller situasjonar for vegoverbygning generelt. Dette må i alle fall ligge som ein generell

kunnskapsbakgrunn når *sårbare strekningar* på eit vegnett eller ei vegrute *konkret skal identifiserast* i steg 2.

Etter at sårbare strekningar (grovtt sett) er identifisert, skal ein i steg 3 analysere meir i detalj *årsakene* til at desse strekningane er serskild utsette i tillegg til å analysere *sannsynet* for at desse (uønska) situasjonane skal oppstre. I steg 4 skal så *konsekvensen* av dette analyserast. Her bør konsekvens for *økonomi, framkomst, trafikktryggleik og miljø* analyserast. Desse fire hovudtema skal og analyserast vidare i *utgreiing av risiko*, steg 5 og *vurdering av risiko*, steg 6. Til slutt i *vurderinga* skal det foreslå aktuelle tiltak, steg 6b. Dette er framstilt skjematiskt i figur 2B der dei viktigaste klimafaktorar og fokusområde i samband med vegoverbygning og klimaets regime er vist.

1 Identifikasjon av farer og uønska hendingar (for vegoverbygning)			
Nedbør / vatn Erosjon -i veggroft -i vegfylling -i vegskrånning -ved stikkrenner Flom -vatn over vegbane -utvasking av vegoverbygning Høg grunnvassstand -redusert bereevne -redusert dekkelevetid	Temperatur; Frost og tining Teleliv -langsgåande midtsprekker -sprekker mellom konstr. og veg -store ujamnheieter (IRI) Teleløysin -låg / redusert bereevne -krakelering i vegdekke -initiere slaghol i dekket -redusert dekkelevetid -redusert framkommelegheit -redusert transportøkonomi Fryse-/tinevekslin -dekkelering i vegdekke (+teleløys)	Temperatur generelt Høgare sommartemp -auka deform asf	
2 Identifikasjon av sårbare strekninger			
1-1 Innhenting av grunnlagsdokumentasjon NVDB -sporutvikling -IRI-utvikling -dekkereg -grøftetilstand -visuell dekketilstand -stikkrenner -bereevne -materialtype (oppgr.reg) kart -topografi -avstand frå vassdrag hydrologiske data	1-2 Befaring Visuell tilstandsregistrering -dekketilstand -inspeksjon grøfter -inspeksjon stikkrenner -inspeksjon bekker og vassdrag nær veg -inspeksjon erosjonskader Registrering av aktuelle massetak	1-3 Supplerende undersøkelser ViaPPS -sporutvikling (lasermålir -IRI-utvikling) Manuell re -stikkrenner Fallodd -bereevne Oppgr/bor -materialtype	
Risikoparametre			
Klimaparametre -nedbørsintensitet; mm/time -nedbørsmengde; dag, veke -antal fryse/tinevekslinger -maks sommartemp -min vintertemp -frostmengde mm	Beliggenhet /lokalisering -avstand frå vassdrag (sjø, elv, -finstoffs. i ubunde matr: telegru -lagtjukkleik(liten) -høgde over maksimal vannstan -permeabilitet i ulike lag (liten) -høgde GV -topografi, sidehelling mm	Materiale -fleksibilitet / stivheit asfaltdekke mm -dekketype; grus/asfalt/betong mm	Vegkonstruksjon -grøftedjupne og tilstand

Figur 2A: første steg i risikoanalyse for vegoverbygning; identifisering av farar og sårbare strekningar

3 Analyse av årsak og sannsynlegheit (for uønska hendingar)			
Nedbør / vavn -slit.spor pga våt vegbane/dårlig avrenning -deform.spor pga høgt v-innh i overbygning -def.spor pga høgt vassinnh i undergrunn -sizing/ustabil skulder pga erosjon -dårlig drenering pga sig i skjering -mykje teleliv pga stor vasstilgang -dårlig vårbereevee /spor pga stor vasstilgang -mykje teleliv pga stor vasstilgang	Temperatur; Frost og tining -teleliv pga telefarleg materiale i u.g. -teleliv pga telefarleg materiale i vegoverbygning -krakelering pga telefarleg materiale i u.g. -krakelering pga telefarleg materiale i berelag -slaghol pga krakelering -langsgåande sprekk pga teleliv -deformasjonspor i overbygning -deformasjonspor i undergrunn	Temperatur sommars tid -deformasjonspor i dekket -deformasjonspor i berelag	
4 Analyse av konsekvens (av uønska hendingar)			
4-1 Økonomi -auka/red dekkekostnader -auka forsterkingsbehov -auka kost til grøfter og dren -auka vedlikehald på grusveg -auka forsterkingsbehov	4-2 Framkomst -større spor og meir ujamnheiter -meir hol og skader på vegen -meir /mindre teleliv	4-3 Trafikktryggleik -kollisjon pgs skade i vegbanen -utforkøyring pga skade i vegbanen -utforkøyring pga utvasking -påkørsel pga skade i vegbanen -auka tryggleik pga red fart pga skade	4-5 Miljø -utvasking mot vassdrag -auka / redusert materialbruk
5 Utgreiing av risiko			
5-1 Økonomi	5-2 Framkomst	5-3 Trafikktryggleik	5-5 Miljø
6a Risikovurdering; samanlikning mot akseptkriterier			
6-1 Økonomi	6-2 Framkomst	6-3 Trafikktryggleik	6-5 Miljø
6b Risikovurdering; Aktuelle tiltak			
Dekke -klimatilpassa bindemiddel -bruke polymermodifiserte binder -bruke drenerende dekketyper -leggje fast dekke på grusveg -stabilisere grusdekke	Bærelag -groe / drenerande massar -auka bruk av stabiliserte berelag	Drenering -dim. etter framtidig nedbør -etablere fordrøyingsmagasin -auke kapasitet på dremsgrøfter -auke kapasitet på stikkrenner -etablere meir lukka drenering -større sandfang i åpne kummar	Andre tiltak -tilpassa lokalisering av veg -terrengtiltak og dren i skjæring -auke høgde over flaumvasstand -etablere gode varslingsrutinar -omkjøringsruter -beredskapsplanar

Figur 2B: Vidare steg i klimarelatert risikoanalyse for vegoverbygning; analysefasen, utgreiingsfasen og vurderingsfasen med forslag til aktuelle tiltak.

Risikoanalyseverktøyet VegCim kan nyttast for praktisk gjennomføring av risikoanalysen (dette verktøyet skal nyttast i Statens vegvesen).

4.2 Identifisering av farar og uønska hendingar

Det vil være tenlig å dele inn det aktuelle vegnettet eller den aktuelle vegstrekninga i delstrekningar der dei naturgitte tilhøva er like eller gjev lik risiko og med lik vegkonstruksjon / materialtype. Til dømes kan strekningane delast inn etter strekningar som blir utsett / ikkje blir utsett for ein 100-årsflaum eller 200-årsflaum når vegen går langs større vassdrag eller vatn, jfr døme vist i vedlegg 5. Andre aktuelle skilje kan vere der topografiendrar seg radikalt (bratt / flatt terreng) eller der vegkonstruksjonen endrar seg (gamal / ny veg) og der det er nytta ulike materiale i vegkonstruksjonen (grus / knust fjell / sprekstein)

Det kan og vere nyttig å kartlegge omfang / frekvens av kryssing av bekkar og vassdrag, og i kor stor grad vegstrekninga ligg nær elv, vatn eller sjø. Her vil naturlegvis nivå over vassflata og vere ein nøkkelfaktor for kor mykje dette har å seie for vegens nedbryting ved erosjon og gjennom effekt på dei ulike materiale gjennom auka vassinhald på grunn av høgt grunnvasspeil. Det kan til dømes utarbeidast tabellar med geografisk stadfesting (km/profil) av bekke- og elvekryssingar som vist i dømet frå E6 i Gauldal i tabellane i vedlegg 5.

4.3 Identifikasjon av sårbare strekningar

4.3.1 Innhenting av grunnlagsdokumentasjon

Alt tilgjengeleg grunnlagsmateriale må samlast inn før arbeidet startar. Dette vil omfatte all dokumentasjon og relevante data som:

- Plangrunnlag, teikningar, dimensjonering mm
- Topografiske kart
- Hydrauliske data / flaumkart mm
- Klimadata; frostmengder (kommunetabell) mm
- Grunnforhold; tdl grunnboringar og geotekniske rapportar, kvartærgeologiske kart mm
- Data frå anleggskontroll og sluttrapport anlegg
- Data fra NVDB; dekkeregisteret, oppgravingsregisteret, VidCon (videobilete), bereevnedata, spordata og IRI-data (jamnheit), registrert etterslep (grøfter, kummar, stikkrenner mm)

4.3.2 Synfaring

Det bør alltid gjerast ei synfaring på staden i samband med ei risiko- og sårbarheisvurdering. Dette vil alltid gje ein del verdifull tilleggsinformasjon som det er vanskeleg å få med berre frå kart og dataregister.

4.3.3 Supplerande utgreiingar

Aktuelle supplerande utgreiingar kan vere:

- Kartlegging av undergrunn; grunnboring, prøvetaking, kornkurver
- Kartlegging av vegoverbygning; prøvetaking og analysering
- Kartlegging av vegens tilstand; falloddmåling, spor- og IRI-måling
- Kartlegging av tilstand på vegrøfter og drenering; stikkrenner mm
- Registrering av erosjon og utglidningar; ustabile parti

4.3.4 Kartlegging av risikofaktorar (på aktuelle vegstrekningar)

Risikofaktorar eller indikatorar for sårbare strekningar kan vere:

- Finstoff i bereleg / telefarleg bereleg
- Finstoff i forsterkingslag / telefarleg forsterkingslag
- Bekkekryssing
- Lokalisering langs elv og vassdrag
- Lokalisering nær sjøkant
- Vognivå nær eller under flomvassnivå (200 -års flaum)
- Lokalisering på / langs myr og våtmark

- Strekningar i halvskjering i lausmasser i sidebratt tereng
- Vegar på vekslande undergrunn med telefarleg materiale
- Lokalisering ved registrerte flaumskredløp
- Parti med smal veggrøft i fjellskjering med vassig
- Parti nær tunnelmunningar
- Strekning med dårleg veggrøft eller øydelagde stikkrenner
- Strekningar med etterslep i vedlikehald på grøfter, kummar og stikkrenner

4.4 Analyse av årsak og sannsyn

Innafor dei identifiserte strekningar eller område med antatte risikofaktorar, kan ei gå meir i detalj for å analysere heilt konkret kva uønska situasjonar som kan oppstå på den einskilde strekning på grunn av dette og kor stort sannsyn det er for at slike situasjonar kan oppstå. Nedafor har vi lista opp nokre situasjonar, men her bør situasjonen analyserast konkret ut frå eigne røynsler og lokalkunnskap.

Situasjonar relatert til nedbør / vatn

- auka slitasjespor pga våt vegbane/dårleg avrenning
- auka deformasjonsspor pga høgt vassinhald i overbygning
- auka deformasjonsspor pga høgt vassinhald i undergrunn
- siging/ustabil skulder pga (meir) erosjon
- dårleg drenering pga (meir) sig i vegskjering
- telehiv pga stor (meir) vasstilgang (overflatevatn / undergrunn)
- dårleg vårbereevne / spor pga stor (meir) vasstilgang

Situasjonar relatert til temperatur; frost og tining

- telehiv (meir) pga telefarleg materiale i undergrunn
- telehiv (meir) pga telefarleg materiale i vegoverbygning; berelag/førsterkingslag
- krakelering pga telefarleg materiale i undergrunn
- krakelering pga telefarleg materiale i berelag
- slaghol pga krakelering
- langsgåande sprekk pga telehiv
- deformasjonsspor i overbygning
- deformasjonsspor i undergrunn

Situasjonar relatert til høg temperatur sommars tid

- deformasjonsspor i dekket
- deformasjonsspor i berelag

4.5 Analyse av konsekvens

Konsekvensen av endra klima vil truleg vere relativt liten for vegkonstruksjonen sin del. Som vist i kapittel 4 kan sannsynet for negative verknader kunne reduserast gjennom ulike tiltak.

Konsekvens prioritert etter relevans for vegoverbygning vil normalt vere:

1. Økonomi
2. Framkomst
3. Trafikktryggleik
4. Miljø

Grunngjevinga for denne prioriteringa er at dei venta klimaendringane når det gjeld vegens konstruksjon / overbygning normalt vil ha størst konsekvens reint økonomisk (gjennom noko redusert levetid). I spesielle høve kan dette i tillegg gje utslag for framkomst, til dømes ved redusert bereevne i vårløysinga eller på grunn av for dårlig kapasitet på grøftesystemet. Berre i heilt ekstreme tilfelle kan dette gje seg utslag i redusert trafikktryggleik, til dømes ved unormalt rask utvikling av større skader på vegen i form av hol eller andre markerte ujamnheite, eventuelt samanbrot av eit parti av vegen. I einskilde høve kan dette og få konsekvensar miljømessig, til dømes i form av utvasking og forureining av vassdrag ved unormalt rask nedbryting av lokale delar av vegen. Kortare levetid vil i tillegg ha ei miljøside reint ressursmessig, men dette blir også fanga opp i den økonomiske rekneskapen.

Innafor desse fire definerte områda kan *konsekvensane* vere:

Økonomi

- Auka dekkekostnader på grunn av kortare dekkelevetid / skader på dekket
- Auka kostnader på grunn av auka forsterkingsbehov
- Auka kostnader til oppgradering av grøfter og drenssystem
- Auka kostnader for meir vedlikehald på grusveg
- Reduserte dekkekostnader på grunn av lenger dekkelevetid *

* i dei tilfella der endra klima kan føre til lenger dekkelevetid (p.g.a. redusert frostnedtrenging)

Framkomst

- Redusert trafikkhastigkeit på grunn av lokalt større spor og meir ujamnheiter
- Redusert trafikkhastigkeit på grunn av meir hol og skader på vegen
- Redusert trafikkhastigkeit på grunn av meir telehiv
- Sperra veg / omkjøring pga ras/utglidning/utvasking

Trafikktryggleik

- Kollisjon på grunn av skade i vegbanen
- Utforkøyring på grunn av skade i vegbanen
- Utforkøyring på grunn av utvaska skulder / erosjon
- Påkjørsel av fotgjengar på grunn av skade i vegbanen
- Sykkelulukke på grunn av utforkøyring på grunn av skade i vegbanen
- Påkjøysel / kollisjon med driftspersonell pga oftare / meir vinterdrift
- Auka trafikktryggleik pga redusert fart forårsaka av lokalt meir ujamn veg / større IRI-verdi *

* i dei tilfella der endra klima kan føre til større ujamnheiter (p.g.a. fleire fryse/tinevekslinger)

Miljø

